



Med unntak av at det trengs ei varmepumpe med større kapasitet i salen oppe, erorstua Helgheim no ferdig oppgradert,

Det fastslår Johan Sunde, koordinator og prosjektleiar for siste etappe i ein stor jobb som har pågått sidan 2007 og som mange bør berømmast for.

Denne etappen har omfatta opprusting av kjøken og toalettanlegg til høg standard og no står det berre att å rydda opp. Om ikkje lenge kan det første bursdagsselskapet nytta nyoppussa fasilitetar for fyrste gong.

Det som er skjedd opp gjennom åra i Helgheim er skifte av tak, utvendig måling, skifte av vindauga, sliping og lakking av golv i salen, måling av matsalen nede, fornying av elanlegg og altså renovering av kjøken og toalettanlegg.

Kommunen har til no gjeve samla byggjetilskot på 200 000 til Helgheim og Sparebankstiftinga 75 000 til toalettanlegget medan ungdomslaget framleis står i kø for tildeling av spelemidlar. Men det har kome positive signal.

På biletet over står Johan Sunde og Rimantas Bagdonas i det bokstaveleg tala skinande kjøkenet. Info elektro, Info rør og Sunnhordland Malerservice har hatt entreprisane.

Toaletta er både utvida og pussa opp,

Handicaptaolettet var pussa opp før og ligg ei høgd høgare,
Den jobben som no er gjort med kjøken og toalett tok ein måned

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen